

# BACHELOROPPGÅVE

## **Korleis påverkar fattigdomen livskvaliteten til dei som vert råka i dag ?**

av

Bjørn Rune Nondal

Sosialt arbeid  
SO 530 201  
2006



**KORLEIS PÅVERKAR FATTIGDOMEN  
LIVSKVALITETEN TIL DEI SOM VERT  
RÅKA I DAG?**

# INNHALDSLISTE

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>2</b>
1.1 BAKGRUNN.....	2
1.2 MÅLSETJING OG AVGRENSING .....	3
1.3 OMGREP I PROBLEMSTILLINGA .....	4
1.3.1 Fattigdom .....	4
1.3.2 Livskvalitet.....	4
<b>2.0 METODE .....</b>	<b>4</b>
2.1 KVALITATIV METODE .....	4
2.2 LITTERATURSTUDIUM.....	5
2.3 KJELDEVURDERING .....	5
2.4 ANALYSEGRUNNLAGET .....	6
2.4.1 Fattigdommens psykologi.....	6
2.4.2 Livskvalitet som psykisk velvære .....	7
<b>3.0 OMFANG OG UTVIKLING - ULIKE MÅTAR Å MÅLA FATTIGDOM PÅ.....</b>	<b>7</b>
<b>4.0 PERSPEKTIV OG TEORAR I DISKUSJONEN KRING FATTIGDOM OG LIVSKVALITET .....</b>	<b>9</b>
4.1 FORDELINGSORIENTERTE PERSPEKTIV – ABSOLUTT ELLER RELATIV FATTIGDOMSGRENSE .....	9
4.2 RELASJONELLE PERSPEKTIV – INTEGRASJON I EIT SIMMELSK PERSPEKTIV .....	10
4.3 LEVEKÅR OG ULIKSKAP .....	11
4.4 ULIKT POLITISK SYN PÅ FATTIGDOM.....	12
4.5 STIGMATISERING .....	12
4.6 SJØVBILETE OG IDENTITET.....	14
4.7 HUMANISTISK SYN PÅ BEHOV .....	15
4.8 EMOSJONAR- KJENSLER .....	15
<b>5.0 KORLEIS PÅVERKAR FATTIGDOMEN LIVSKVALITETEN TIL DEI SOM VERT RÅKA I DAG? .....</b>	<b>16</b>
5.1 SAMANLIKNING AV LIVSKVALITET I HØVE MATERIELL LEVESTANDARD I ULIKE LAND.....	16
5.2 ER DET BEHOV FOR MATERIELLE GODER (DET ABSOLUTTE) ELLER SAMANLIKNINGA MED ANDRE (DET RELATIVE) SOM TEL?.....	17
5.3 SOSIAL DEVALUERING .....	17
5.4 SOSIAL MARGINALISERING/EKSKLUSJON .....	20
5.4.1 Bustad.....	20
5.4.2 Arbeid.....	21
5.4.3 Nettverk og familie.....	22
5.4.4inntekt - Materiell velferd.....	23
5.4.5 Barnefattigdom.....	24
5.5 SKAM .....	25
<b>6.0 AVSLUTNING .....</b>	<b>26</b>

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Sjølv om Norge er eit av verdas rikaste og godt fungerande land slepp me ikkje unna fattigdomsproblema. Ein av velferdsstaten sine hovudoppgåver har vore å avskaffa fattigdomen gjennom ein meir rettferdig fordelingspolitikk. Likevel er det ulike meiningar om fattigdom verkeleg er eit sosialt problem. Høgresida i politikken står mot venstresida i ideologi. Til dømes hevdar dei liberale at ulike levekår er eit resultat av eigne val som får konsekvensar for korleis det går deg i livet. Marknaden bestemmer, så det er med andre ord naturens lover som rår. Dovenskap og manglande evner har vore forklaringa på fattigdomen som fellesskapen ikkje har noko ansvar for (Halvorsen 2002). Samstundes har det vore ein generell politisk motvilje mot det å snakka om fattigdom i Norge dei siste tretti åra. Grunnen til dette kan vera ei oppfatning av at fattigdom ikkje har vore noko alvorleg sosialt problem. Til dømes slo statsminister Oddvar Nordli i 1979 fast at fattigdom og sosial naud var utrydda i Norge og dei andre nordiske landa. På mange måtar kan dette vera rett avdi det ein forbind med svolt og ekstrem naud ikkje har vore noko omfattande problem etter krigen (Fløtten 1999). Etter kvart har fattigdomen endra karakter. Den ”gamle” og den ”nye” fattigdomen er ulik ved at den ”nye” fattigdomen er lite synleg. Samstundes kan det å vera fattig i eit av verdas rikaste land kjennast tøffare enn nokon gong avdi vi samanliknar oss med dei i nærmiljøet. Fattigdomen må difor sjåast meir i relasjon til dei i nærmiljøet (Stjernø 1985).

I denne oppgåva vil eg setja fokus på korleis det kjennest å vera fattig i eit rikt land. Som framtidig sosialarbeidar vil det vera interessant å sjå nærare på korleis fattigdomen verkar inn på livskvaliteten til den som vert råka i dag. Fridom, likskap og brorskap er viktige ideal i den opplysningstida vi lever i idag (Halvorsen 2002). Difor vil det opplevast som skamfullt å vera hindra frå å delta i vanlege aktivitetar saman med normalbefolkninga på grunn av økonomi. For dei som har barn vil dette kjennast ekstra bittert avdi barna vert hindra i å knyta og oppretthalda sosiale kontaktar. Ein vil kanskje prøva å dekkja over problema i redsle for å bli avslørt og verta stempla som unormal noko som kan forsterka problema. Mange av dei ”nye” fattige har vore utan arbeid i lang tid eller dei lir av diffuse helseplager som ikkje vert fanga opp av trygdesystemet. Den økonomiske sosialhjelpa er minimal og den konstant dårlege økonomien gjer livssituasjonen utrygg. Denne mangelen på tryggleik vil mellom anna føra til at mange fryktar framtida, noko som vil påverka korleis ein legg planar. Dette

vil og påverka sjølvkjensla og ifølgje Rawls (1971) er nettopp sjølvrespekt det viktigaste primærgode for menneskja (Halvorsen 2002 s. 111). Med bakgrunn i dette har eg kome fram til denne problemstillinga:

## **Korleis påverkar fattigdomen livskvaliteten til dei som vert råka i dag?**

### **1.2 Målsetjing og avgrensing**

Kunnskap, refleksjon og bevisstgjerung omkring temaet fattigdom og korleis den kan påverka livskvaliteten for den som vert råka, er viktig for meg som framtidig sosialarbeidar for å kunna gje rett hjelp. Omgrepet livskvalitet vert i denne oppgåva retta mot psykisk velvære. Livskvaliteten vil vera nært knytt til levekåra, og det å mangla vanlege ting vil opplevast subjektivt frå individ til individ. Levekårskomponentar som t.d. arbeid, butilhøve, nettverk og økonomi vil vera fundament for at menneskja er integrerte i samfunnet. Ved å setja fokus på opplevinga, vil ein sjå kor tyngjande den ”nye” fattigdomen er for den enkelte som vert råka. Resultatet er ofte svekka sjølvrespekt og sjølvbilete som igjen kan føra til t.d. depressive sjukdomar. Som sosialarbeidar skal ein ifølgje dei yrkesetiske retningslinene, visa solidaritet med utsette grupper og mellom anna motarbeida fattigdom og sosial urett. I ein framtidig rolle som sosialarbeidar vil det vera viktig å forstå konsekvensane av den uretten dei fattige vert råka av for å gje rett hjelp

For å få eit heilskapeleg bilete av fattigdomen er det naudsynt å gje ei breiare forklaring på dette sosiale problemet. Eg reflekterer over kva fattigdom er, ulike syn på problemet og relasjonen mellom individ og samfunn. Eg ser og på korleis den vert målt og kva konsekvensar det kan få for den som vert råka. For å forstå kjenslene til individet og korleis dei vert påverka må ein også sjå litt vidt. I tillegg til psykologi må ein ha kunnskap om sosiologiske og samfunnsmessige prosessar og strukturar.

Oppgåva mi vil vera delt inn i metodedel, teoridel og analysedel. I teoridelen vil eg sjå nærare på fattigdomen i ein historisk og sosiokulturell kontekst, dernest på sosialpsykologi, emosjonsteori og behovsteori. I analysedelen vil eg ta føre meg boka *Fattigdommens psykologi* av Kjell Underlid (2005) der han har gjort ei studie av korleis det kjennest å vera fattig. Underlid deler opplevingane til dei som var med i undersøkjinga i fire hovudessensar: opplevd utryggleik, svekka autonomi, sosial devaluering og truga sjølvbilete og sjølvvørdrnad.

Samstundes vil boka *Livskvalitet som psykisk velvære* av Siri Næss (2001) vera sentral. Det vil vera fleire faktorar som påverkar det psykiske velværet. Siri Næss seier at livskvalitet er å ha det godt. I analysen har eg valt å fokusera på korleis det opplevast å vera fattig, kjensler knytta til dette og korleis dette får konsekvensar for livskvaliteten til den som vert råka.

## **1.3 Omgrep i problemstillinga**

### **1.3.1 Fattigdom**

For fattigdomsforskinga har fokuset vore sett på å avgjera kva fattigdom er. Avdi me har ulik innsikt, bakgrunn, erfaring og påverknad vil røyndomen framstå som subjektiv. Røyndomen vil vera sosialt konstruert utifrå verdier og haldningar. Dette synet vil vera i endring og me utviklar nye måtar å sjå problemet på. Underlid seier: *Fattigdom gjev inga mening utan referanse til velstand og rikdom. Det er eit relasjonelt omgrep på same måte som høg og låg* (Underlid 2005 s. 229). Eg kjem nærare inn på forståingsmåtane til Terum (1998) seinare i oppgåva der eg ser på fordelingsorienterte og relasjonelle perspektiv.

### **1.3.2 Livskvalitet**

I boka *Livskvalitet som psykisk velvære* definerer Siri Næss det fleirtydige ordet livskvalitet som: *”En persons livskvalitet er høy i den grad personens bevisste kognitive og affektive opplevelser er positive og lav i den grad personens bevisste kognitive og affektive opplevelser er negative.”* (Næss 2001 s. 10). Livskvalitet dreier seg altså om det enkelte individ si eiga oppleving, både om tankar og kjensler, det positive og det negative. Denne definisjonen ser livskvalitet som psykisk velvære og inkluderer ikkje levekår som ein del av livskvaliteten. Omgrepet vil likevel fungera som ein reiskap for å sjå samanhengen mellom livskvalitet og levekår. Levekår er eit mål for velferd (Næss 2001).

## **2.0 Metode**

### **2.1 Kvalitativ metode**

Metode er ein måte å gå fram på for å samla inn empiri eller data om røyndomen. Slik vil metoden vera eit hjelpemiddel til å gje ei skildring eller forklaring av denne røyndomen. Likevel vil det vera grunnleggjande usemje om kva som er verkelegdom og kva som er sanning. Difor vil metode vera meir enn berre eit hjelpemiddel for korleis undersøkingar skal

gjennomførast. Ein må reflektera over kva som er best mogeleg måte å nærma seg røyndomen på ved å finna fram til framgangsmåte og rett informasjon (Jacobsen 2000). Når ein skal skriva ei bacheloroppgåve i sosionomstudiet er det fleire metodar å velja mellom. Ein skil mellom to hovudformer for metodisk tilnærming. Dette gjer ein med grunnlag i kva form dei data ein undersøker har. Ein kallar desse for kvalitativ eller kvantitativ metode. Både den kvantitative og den kvalitative metoden har det til felles at dei ynskjer betre kunnskap om samfunnet vi lever i. Hovudskilnaden er at den kvantitative metoden omformar data til tal og mengdestorleikar, ut frå dette gjennomfører ein så statistiske analysar. Den kvalitative måten er forskaren si forståing og tolking av ord (Jacobsen 2000). Sidan oppgåva er avgrensa i tid og omfang har eg valt å nytta litteraturstudium som er ein kvalitativ metode.

## **2.2 Litteraturstudium**

Litteraturstudie er ein forskingsmetode der forskarane tek utgangspunkt i eksisterande litteratur. Ved eit litteraturstudie er teorien ferdigstrukturert, noko som gjer at handsaminga av data er enklare enn ved kvantitativ metode. Forskarane nyttar ulik litteratur og set den saman på nytt (Holme og Solvang 1996). Det positive med litteraturstudiet er at ein får ein vid og generell bakgrunn for oppgåveskrivinga. Ein får fram det som er felles for forskinga. Dessutan vil både forståinga av stoffet og kunnskapen auka ved at ein studerer ulik litteratur. Eit litteraturstudie krev at ein er kritisk med tanke på kva som er pålitelege kjelder og kva som er relevant for problemstillinga ein har valt. Det negative med denne metoden er at ein nyttar faglitteratur som bøker og artiklar som andre har skriva, altså andre sine funn/meiningar. Oppgåva vil difor vera prega av mine oppfatningar av det eg les og korleis eg tolkar dette.

## **2.3 Kjeldevurdering**

Når ein skriv ei oppgåve vil ein finna mykje ulik litteratur kring emnet. Ein må vera kritisk til det ein finn. Det vil vera viktig å finna fram til seriøse forfattarar slik at stoffet vert sett på som påliteleg. Spesielt må ein vera kritisk til mykje av det som er publisert på internett.

Oppgåva mi byggjer delvis på pensumlitteratur, samt ulike bøker som eg stort sett har kome fram til gjennom kjeldetilvisingar i annan påliteleg faglitteratur. Når eg har lese ulik litteratur til oppgåva har eg bevisst sett etter om forfattaren referer til andre. I høve der eg har vurdert kjelda som relevant for oppgåva har eg prøvd å oppsøkja denne kjelda og dermed primærkjelda til litteraturen. Dette for å få ei vidare forståing av temaet, samt at ein unngår

feiltolkningar og unøyaktigheit. Primærdata er data som er samla inn av forskaren sjølv der målet er å belysa ei spesiell problemstilling. Sekundærdata er samla inn av andre enn forskaren, ofte med andre mål enn det forskaren har (Jakobsen 2000). I oppgåva har eg hatt stor nytte av boka *Sosial ulikhet. Fattigdom i Norge* av Tone Fløtten (1999). Dette for å få ei betre forståing av fattigdomen sine mange sider. Boka har ei vid tematisk breidde og tek føre seg kva fattigdom er, korleis utviklinga har vore dei siste 10 åra og kva utfordringar ein står ovanfor i framtida. Tone Fløtten er forskar ved Forskerstiftelsen Fafo og forskingsfeltet er velferdsforskning. Analysen i oppgåva byggjer på boka *Fattigdommens psykologi* av førsteamanuensis Kjell Underlid ved Høgskulen i Bergen og *Livskvalitet som psykisk velvære* av Siri Næss som er forskar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Underlid har gjort sin studie ved å leva tett på langtidsmottakarar av sosialhjelp. Næss er oppteken av kva det vil seia å ha det godt, altså god livskvalitet. Ho viser til ulike studiar både i Norge og utlandet slik at ein del av litteraturen vil vera sekundærdata.

## **2.4 Analysegrunlaget**

### **2.4.1 Fattigdommens psykologi**

Underlid si undersøkjing har som mål å setja fokus på dei fattige si subjektive oppleving av fattigdomen. Det vil seia deira oppleving av kjensler, tankar og sosial samhandling. Underlid set fokus på fattigdommens psykologi. Studien er i hovudsak ein kvalitativ intervjustudie med 25 langtidsmottakarar av sosialhjelp ved eit sosialkontor i ein bydel i Bergen.

Respondentane var frå 20 – 66 år og jamt fordelt på begge kjønn. Underlid tilbraka i ein periode på over eit halvt år store deler av tida si saman med desse. Han nytta eit kvantitativt samtaleprogram der han tok tak i bakgrunnsopplysingar som hushaldning og butilhøve, sosial samhandling som oppvekst og sosial bakgrunn. Dei kvalitative intervjuar var sentrert rundt tema som t.d. kvifor respondenten har fått økonomiske problem, utgiftssituasjon, syn på årsaker til fattigdom, framtidsutsikter og problem knytta til den materielle situasjonen.

Framgangsmåten er fenomenologisk- hermeneutisk orientert (Underlid 2005). Det vil seia at ein i forskarrolla ikkje har kunnskap eller røynsle om opplevinga av fattigdom i møte med respondentane. Samstundes vil tolkinga av funna vera prega av forskaren sine verdiar og røyndomssyn i høve fenomenet (Aadland 2002). Kombinasjonen av kvalitativ og kvantitativ metode vert kalla triangulering.



## 2.4.2 Livskvalitet som psykisk velvære

I boka *Livskvalitet som psykisk velvære* diskuterer Siri Næss i samarbeid med Arne Mastekaase, Torbjørn Moum og Tom Sørensen omgrepet "livskvalitet" som eit psykisk/subjektivt fenomen og ikkje eit materielt/objektivt. Ho set vidare fokus på positive og negative faktorar som årsak til høg og låg livskvalitet. Ein skil altså mellom omgrepet livskvalitet og indikatorar på livskvalitet. Materiell rikdom kan vera ei kjelde til høg livskvalitet, medan materiell armod er ei av årsakene til låg livskvalitet. Likevel vil dette opplevast subjektivt. Difor er ikkje høg eller låg livskvalitet det same som materiell rikdom eller armod. Næss (2001) peikar på at måling av psykisk velvære er vanskeleg avdi individet er lite stabilt i eigne vurderingar av kjensler. Kjensla av velvære vil fluktera. Dette kan kompenseras ved å nytta store utval. I undersøkingar med lite utval kan ein redusera problemet ved å gjenta undersøkinga. Eit metodeproblem er idealisering. Menneskja har behov for å gje eit idealisert bilete av seg sjølve. Sjølvrespekten vert påverka av måten ein presenterer seg på. Difor vil det vera vanskelegare å undersøkje psykisk velvære enn t.d. spørsmål som knyter seg til bustad og yrke. Næss (2001) byggjer empirien sin på ulike undersøkingar gjort av andre der m.a. samanhengen mellom livskvalitet og materiell velstand er sentral (Næss 2001).

## 3.0 Omfang og utvikling - ulike måtar å måla fattigdom på

I Norge identifiserer ein fattigdom relativt utifrå ei medianinntekt. Medianinntekta, som også vert kalla midt- inntekta, vert sett ved at 50 % av innbyggjarane har mindre inntekt og 50 % har meir inntekt enn den. Medianinntekta må ikkje forvekslast med gjennomsnittsinntekta som mange hevdar vil vera eit betre mål. *Gjennomsnittsinntekta* vil i eit rikt land som Norge liggja høgare avdi inntektspyramida er topptung. Det er mange som tener mykje og gjennomsnittsinntekta vert rekna ut frå summen av alle inntektene delt på innbyggjartalet. For at ein person eller familie skal reknast som fattig må ein tre år på rad ha hatt ei inntekt under ei gjeva grense. Fattigdomstala i perioden 2001-2003 byggjer på tala Bondevik-regjeringa nytta, og som OECD og nyttar. Det vil sei at fattigdomsgrensa ligg på 50 % av medianinntekta. Ein einsleg ville ut frå denne definisjonen vera fattig med ei inntekt på mindre enn 80 000 kr. årleg. Ut frå dette vil det ifølgje Statistisk sentralbyrå ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)) vera ca. 109 000 fattige i Norge. Til samanlikning har SV lagt seg på EU sin meir romslege definisjon av fattigdom som er 60 % av medianinntekta. Dette vil t.d. gje ei fattigdomsgrense på 126 000 kr. som igjen vil gje 360 000 fattige. Statistisk sentralbyrå brukar ikkje omgrepet

”fattige”, men ”personar med vedvarande lav inntekt”. Denne gruppa utgjorde 2,4 % av innbyggjarane ifølgje Bondevik-regjeringa sin definisjon i perioden 2001-2003 mot 1,7 % i perioden 1998-2000. Studentar er ikkje medrekna. Ein ser her at det er ein auke i talet fattige. Viss ein derimot legg SV sin definisjon til grunn er det ein nedgang i talet fattige. Dette vert grunngjeve med at færre alders- og uførepensjonistar fell under inntektsgrensa. I følgje Stjernø si studie frå 1985 fann han m.a. at det var særleg alderspensjonistar med minstepensjon som var mellom dei svakast stillte saman med uføre, arbeidsledig ungdom og einslege forsørgjarar (Stjernø 1985). Dette samsvarar med dagens bilete på kven dei fattige er. Samstundes viser Statistisk sentralbyrå til at det er ein vekst i fattigdomen hjå barnrike innvandrarfamiliar. Bakgrunnen er ei aukande arbeidsløyse hjå denne gruppa i tillegg til at barnetrygda ikkje har vorte auka i takt med prisstiginga ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Dei fleste vil ha ei umiddelbar oppfatning av kva fattigdom er. Vi assosierer omgrepet med naud, uverdige og dårlege levekår. Likevel møter ein på store problem når fattigdomen skal registrerast og målast avdi omgrepet vert forstått ulikt i samfunnet. Sjølv om det er mange studiar og definisjonar på fattigdom, kan ein ikkje fullt ut på ein objektiv måte definera fattigdomen. Til dømes vil omgrepet ifølgje Fløtten (1999) alltid vera bunde opp mot verdiar hjå den enkelte. Mange vil bruka omgrepet vidt, medan andre vil hevda at dette ikkje er rett uttrykk for levekår i Norge. Styresmaktene har ingen offisiell definisjon på fattigdom og brukar såleis ikkje omgrepet. Omgrepet er heller ikkje brukt verken i Velferdsmeldinga (1995) eller Utjamningsmeldinga (1999) (Fløtten 1999). Samstundes vil synet på omgrepet endra seg over tid. Fattigdomsforskinga sitt hovudtema har vore å bestemma kva fattigdom er, altså å definera omgrepet. Utifrå dette har ein freista å måla omfanget av problemet ved å identifisera ein tilstand, gjennom å setja ei fattigdomsgrense. Etterkvart har søkjelyset meir vorte retta mot sosiale prosessar som sosial deltaking og ekskludering. Omfanget og graden av fattigdom vil variera etter kva mål og definisjonar ein nyttar i dei ulike studiane. På same vis vil samansetjinga og fattigdomsgruppa variera. Med bakgrunn i dette har ein i hovudsak skilt mellom fordelingsorienterte eller relasjonelle perspektiv i studia av fattigdom (Terum 1998).

Eg vil ta føre meg desse perspektiva og elles relevant teori kring fattigdom og korleis denne påverkar livskvaliteten til dei som vert råka.

## 4.0 Perspektiv og teoriar i diskusjonen kring fattigdom og livskvalitet

### 4.1 Fordelingsorienterte perspektiv – Absolutt eller relativ fattigdomsgrense

Det fordelingsorienterte perspektivet har prega dei fleste studiane av fattigdom. Grunnlaget for dette perspektivet er å identifisera kven som manglar basale goder og på den måten synleggjera omfanget av sosiale problem. Sentrale forskarar her er britane Seebohm Rowntree og Peter Townsend (Terum 1998). Korleis fattigdomen har vorte handtert innanfor dette perspektivet er ulikt. Diskusjonen har vore om fattigdom skal forståast som eit absolutt eller eit relativt fenomen. Spørsmålet dreier seg difor om fattigdomen skal forståast primært utifrå mangel på basale goder eller goder som er vanlege hjå dei andre i lokalsamfunnet. I studiane sine av arbeidarfamiliar i York i 1899, rekna Rowntree seg fram til eit eksistensminimum av mat, hus, klede og varme som grunnlag for å bestemma omfanget av fattigdom. Han tok ikkje omsyn til kva tid ein levde i, eller type samfunn og definisjonen vart karakterisert som absolutt. Kritikken har gått på om det er mogeleg å setja ei absolutt grense avdi folks behov varierer etter m.a., sosiale og kulturelle behov. I dag er oppfattinga i hovudsak at fattigdom må sjåast på som eit relativt fenomen (Fløtten 1999). Peter Townsend ga i 1979 ut boka *Poverty in the United Kingdom* der han kritiserer Rowntree sine fattigdomsmål. Han sette fingeren nettopp på at fattigdomen ikkje berre kan knytast til det mest naudsynte for å overleva fysisk, men at den og må sjåast på som eit sosialt fenomen. Fattigdomen måtte difor relaterast til det samfunnet ein lever i. Townsend nyttar omgrepet deprivasjon. Det vil her seia å vera fråteken, det å mangla eller det å vera hindra frå materielle og sosiale goder. Han kartla den ålmenne livstilen og knytta slik definisjonen sin til ein normal eller ein gjennomsnittleg livsstil. Utifrå dette utvikla han ein deprivasjonsindex opp mot norma/gjennomsnittet der han fekk ut graden av deprivasjon. Med denne relative deprivasjonsmetoden meinte Townsend han hadde frikopla fattigdomsdefinisjonen frå kva folk flest og politikarane oppfatta som fattigdom. Ambisjonen var å avgjera kven som var fattige på ein objektiv måte. Sjølv om forskinga til Townsend har danna grunnlaget for mange studiar av fattigdom har det kome kritikk mot relative fattigdomsmål. Både Rowntree og Townsend nyttar eigentleg eit relativt omgrep. Skilnaden er at Rowntree nyttar ekspertar til å setja standarden for fattigdom, medan Townsend nytta ei norm med bakgrunn i intervju om levemåten til folk flest (Terum 1998).

## 4.2 Relasjonelle perspektiv – integrasjon i eit Simmelsk perspektiv

Den relasjonelle tilnærminga til fattigdom må ikkje forvekslast med det å forstå det som eit relativt fenomen. Dette perspektivet er oppteke av at dei ”fattige” får hjelp frå dei ”ikkje fattige” (Halvorsen 2001). Desse kategoriane må difor sjåast i relasjon til kvarandre avdi me i samfunnet m.a. har rettar og plikter. Med bakgrunn i artikkelen *Der Arme* av Georg Simmel (1908) tek Hvinden (1994) føre seg den funksjon og rolle dei fattige hadde i samfunnet. Simmel seier at eit fellestrekk ved ulike tradisjonelle sosiale kollektiv er at ein kjenner tilknytning til andre ved å gje rett hjelp når ein vert råka av armod og naud.

Simmel går vidare og seier: *Det kan være at kollektivet yter hjelp til fattige eller nødstedte ut fra en hensiktsmessighetstankegang* (Hvinden 1994 s. 110). Det vil seia at hjelp ikkje først og fremst vert ytt for å lindra naud, men meir utifrå dei ”ikkje fattige” eller samfunnet sine interesser. Ein må unngå at dei fattige vert aktive og farlege fiendar som kan gjera opprør mot samfunnet. Elles vil det utifrå eit samfunnssyn vera viktig å halda liv i dei fattige slik at dei kan gjera ein jobb når det trengs t.d. til sesongarbeid eller ved oppgangskonjunkturar når det er behov for meir arbeidskraft. Fattigdomsperspektivet til Simmel har altså to sider.

Tilsynelatande er hjelpe retta mot dei naudlidande for å lindra, samstundes som hovudmålet er å ivareta interessene til heilskapen (Hvinden 1994). Dette synet liknar både på Durkheim og Merton sine teoriar. Durkheim sår t.d. tvil om at straffa har nokon verknad på den kriminelle, men at dei som straffar (samfunnet) får ei fellesskapskjensle ved å stå saman mot den kriminelle. På ein liknande måte viser Merton til ”manifeste” og ”latente funksjonar. Dei ”manifeste funksjonane” er tydelege, medan ”latente funksjonar” er skjulte. Hvinden er i Simmelsk ånd tvilsam til Merton avdi det vil vera vanskeleg å avgjera kva som er tilsikta og erkjent eller ikkje. Simmel hevda difor at ein står ovanfor noko som kan vera tvitydig. Til dømes vert det vist til fagforeiningane sine hjelpekassar ved arbeidsløyse. Det primære var ikkje å lindra nauda, men å hindra at arbeidarane selde arbeidskrafta si billegare. Slik vil det vera likegyldig om dette var tilsikta eller ikkje tilsikta. Sjølv om det er rimeleg at det var både tilsikta og erkjent, endra ikkje det resultatet. Difor hevdar Hvinden at ein må skilja mellom det underliggjande/usagte og det ikkje erkjente. Det vil alltid vera uklart kva hensikt aktørane har t.d. ved at ein utelet opplysingar i ei sak avdi det skal gagna utgangen på saka. Med Simmel sine teoriar som bakteppe kan ein betre forstå korleis samfunnet vårt utformar t.d. sosialhjelpa (Hvinden 1994). I tillegg til at sosialhjelpssatsane er svært knappe er lova svært skjønsmessig utforma, og vert praktisert ulikt frå kommune til kommune. Det er heller ikkje uvanleg at reglane vert praktisert ulikt etter kva tid på året det er (Andenæs m. fl. 2003). Ifølgje Hvinden har ikkje dei fattige rettar i samfunnet. Rettane tilhøyrer dei ”ikkje fattige”

som krev at skattepengane vert brukt i eit omfang og på ein måte som ivaretek samfunnet sine interesser. Slik har dei fattige vorte utelukka frå å delta i samfunnslivet og redusert til objekt i høve til samfunnstiltak. Samstundes seier Simmel at dei fattige nyt godt av det samfunnsmedlemane får til og er på den måten på eit vis integrert i samfunnet. Slik vil det vera ein vekselverknad som bitt dei "fattige" og "ikkje fattige" saman til ein heilskap (Hvinden 1994). Dette perspektivet må forståast i høve til normstrukturen i samfunnet og at fattigdomen ikkje berre er eit relativt fenomen, men og eit relasjonelt fenomen. Det vil seia at kategorien "fattige" må sjåast i relasjon til dei "ikkje fattige" Til dømes at fattigdom er ein reaksjonsmåte på normbrot. Likevel må ein her skilja mellom kva samfunnet ser på som legitimt og illegitimt, altså kven som er verdige og uverdige trengjande (Terum 1998).

### **4.3 Levekår og ulikskap**

Levekår er eit mål for velferd og levekårssituasjonen vil vera eit ressursproblemat. Hå Bourdieu (i Skardhamer 2002) er posisjonen individet får i samfunnet bestemt utifrå summen av, og samansetjinga av kapitalformer. Han skil her mellom økonomisk, sosial, kulturell, og symbolsk kapital. Økonomisk kapital er pengar og materielle goder. Sosial kapital vil vera ressursar ein får tilgang til gjennom sosialt nettverk og kontaktar. Kulturell kapital vil t.d. vera utdanning og kva evner ein har til å føra seg i ulike miljø. Symbolsk kapital vil vera prestisje og omdøme (Skardhamer 2002).

Ulikskapsbegrepet er eit uttrykk for tilhøvet mellom noko, til dømes mellom dei med høg inntekt og formue mot dei som ikkje har så mykje. Kva posisjon og klasse ein person har i dagens samfunn er i hovudsak bestemt utifrå inntekt og formue. Det er tre tilhøve som er av avgjerande betydning. Det første er arv. Nokon arvar og vert rike, medan andre ikkje arvar i det heile. Det andre er korleis ein plasserer seg i arbeids- og kapitalmarknaden. Ein skil her mellom løna arbeid og avkastning på kapital. Når det gjeld løna arbeid kan t.d. enkelte lågtløna ha ei utkome på ca. 200 000 kroner, medan høgtløna tener fleire millionar. Likevel er det kapitalinntektene som gjer at dei rikaste skil seg ut med enorme inntekter. Med kapitalinntekter meiner ein utbytte på t.d. aksjar og eigedom. Det tredje tilhøvet omfattar dei som er avhengige av støtte frå det offentlege for å få det til å gå rundt, t.d. sosialhjelpsmottakaren (Schifloe 2003).

Den sosiale ulikskapen dreier seg om fordelinga av knappe goder i samfunnet vårt. Eit gode er knapt når det er konkurranse om det og avgrensa tilgang, t.d. pengar. Kor mykje ein

disponerer av slike gode vil vera ein viktig faktor for kva sosial status ein får og korleis ein plasserer seg i den sosiale lagdelinga. Med sosial lagdeling meiner ein ei rangordning, der menneskja plasserer seg i eit slags hierarki etter tilgang på knappe goder. Det vil vera relasjon mellom lagdelene om fordeling av goda. Viss dei rike tek mykje av "kaka" vert det lite igjen til dei fattige (Schiefløe 2003). Med denne ulikskapen er ein kanskje ved kjernen i det sosiale problemet fattigdom, avdi me har eit opplysingssamfunn med likskap, likeverd og sjølvstende som viktige ideal. Ein bør ha ein grad av rett til å bestemma over seg sjølv og egne val. For den som av ulike grunnar hamnar i fattigdomens hengjemyr kan det difor vera vanskeleg å kjenna seg som medborgar i samfunnet (Halvorsen 2001). Dette avdi han i stor grad er prisgjeven og avhengig av andre sine avgjersler og disposisjonar i motsetnad til den som kan bestemma over eigen livssituasjon og egne val. Denne ulikskapen pregar og interaksjonen i det sosiale livet der den som har status og makt kan tillata seg meir enn andre. Åtferda synleggjer ofte rangordninga ved at den som har lite makt vert audmjuka og oversett, medan den med makt kan gje seg sjølv fridom i t.d. språkbruken (Schiefløe 2003).

#### **4.4 Ulikt politisk syn på fattigdom**

Politisk vil det vera ulike meininger om vi skal sjå på ulikskap som noko sosialt problem. Her står høgresida mot venstresida i politikken. Grunnsynet frå det liberale haldet er at vi er eit resultat av egne frie val i livsprosessen. Difor vil t.d. fattigdom ikkje vera noko sosialt problem som fellesskapen har noko ansvar for. Til dømes er den politiske høgresida oppteken av å redusera skattar og avgifter. På den måten legg ein til rette for personleg initiativ for å stimulera til verdiskaping. Gründerar og investorar må kjenna at dei har att noko for å bruka risikokapital. Dette hevdar ein vil koma fellesskapen til gode som følgje av ei positiv velstandsutvikling. Det vil her vera meningslaust å snakka om rettferdig fordeling. På venstresida i politikken har ein lita tru på at marknadskreftene ivaretek både vekst og ei rettferdig fordeling av goda. Ein må difor korrigera sosialpolitikken med ymse tiltak. T.d. grunngeve ein i Utjamningsmeldinga (St.meld. nr. 50 for 1998-99) at det er ein verdi i seg sjølv å ikkje ha for store økonomiske og sosiale skilnader (Halvorsen 2001).

#### **4.5 Stigmatisering**

Fattighjelp er ein reaksjonsmåte på normbrot i samfunnet (Terum 1998). Ifølge Erving Goffman vil den fattige freista å dekkja over dette og gje seg sjølv ein tilsynelatande sosial identitet, medan den faktiske identiteten er dei eigenskapane samfunnet tillegg han. Ein skil i

hovudsak mellom tre ulike stigma. Kroppslege i form av fysiske skavankar. Dernest ymse karaktermessige feil som t.d. det å bli sett på som foræderisk, uhederleg, viljesvak, lat og ha dårlege haldningar. Det tredje er tribale stigma som er avvik som går i arv frå generasjon til generasjon som t.d. rase og religion. Goffmann seier at ein har eit stigma avdi ein avvik frå forventingane på ein måte som gjer ein uønska. Vidare vil omgjevnadane medvite eller umedvite formidla at du ikkje er eit ordentleg menneskje, til dømes gjennom kroppsspråket. Ein generaliserer frå ein negativ eigenskap eller handling, til at det gjeld personen som sådan. Viss den stigmatiserte t.d. reagerar med forsvar vil det bli tolka som uttrykk for noko defekt ved personlegdomen. Sjølv om han i bunn og grunn kjenner seg normal, vil han uansett kva andre seier fornemma at han ikkje fullt ut vert akseptert. Samstundes vil dei normene han har teke opp frå samfunnet omkring seg gjera han merksam på kva andre ser på som ein veikskap, noko som gjer at han av og til må vedgå at han ikkje greier å leva opp til krava. Slik vil skamkjensla koma fram. Ein opplever skam viss andre gjev uttrykk for det eller om ein trur at andre tenkjer slik. Goffman seier og at den stigmatiserte reagerer spontant på omgjevnadane sitt avslag på aksept, og finn sjølv ut at nokon av eigenskapane rettferdiggjjer situasjonen. Den stigmatiserte vil difor uansett kjenna seg usikker avdi han ikkje veit om han får aksept. Til dømes kan ein skilja mellom verdige og uverdige trengjande. Den verdige vert t.d. sett på som hardtarbeidande, men har vore uheldig. Den uverdige tilhøyrrer eit lågare samfunnslag og vert oppfatta som lat og ein som snyltar på dei andre. Stigma vil ikkje vera noko absolutt kjenneteikn ved ein person, men seier noko om relasjonen mellom personen og samfunnet (Goffmann 1975).

Det sterke fokuset på arbeidslina i norsk politikk gjer at den protestantiske arbeidsetikken framleis lever. Dei kulturelle normene knyter status og vørndnad til det å vera hardtarbeidande og økonomisk sjølvhjelpen. Til sterkare desse haldningane er, til meir negative er haldningane til arbeidslause eller dei som hamnar i samfunnet sitt sikringsnett. Menneskjet samanliknar seg med andre, og ser at det ikkje greier å leva opp til gjeldande normer og ideal. I sosialt samver er det viktig å hevda seg for å oppnå respekt og aksept. Det vil difor vera viktig å presentera seg sjølv gjennom oppnådd status eller materielle eignelutar (Underlid 1992).

## 4.6 Sjøvbilete og identitet

Omgrep i høve til korleis ein oppfattar seg sjølv vert brukt litt ulikt i psykologien. I denne oppgåva vil eg bruka sjølvbilete som det generelle synet ein person har på seg sjølv.

Sjølvbiletet vil vera sterkt påverka av korleis andre i den sosiale kretsen og omverda vurderer ein. Personlegdomen vår er nær knytt opp mot sjølvbiletet i form av ein sjølvoppfattande del og ein sjølvvurderande del (Bjerke og Svebak 2003). Den sjølvoppfattande delen vil vera summen av forventingar ein har til seg sjølv, altså den aktive delen. På den andre sida har me den sjølvvurderande delen, altså korleis ein vurderer seg sjølv ut frå omgjevnadane sine auge. Vurderinga av seg sjølv vil difor vera prega av korleis samfunnet/omgjevnadane meiner ein har lukkast her i livet (Schiefløe 2003). Jean Piaget er oppteken av det tankemessige og hensiktsmessige (kognitiv). Erik H. Erikson fokuserer på utviklinga av den kjenslemessige sida av korleis ein oppfattar og reagerer. Erikson høyrer med til dei psykodynamiske teoretikarane. Han utvikla ein stadiemodell som har ein del til felles med Freud sin stadiemodell. Sentralt i Freud sin modell står opplevinga av lyst knytta til ulike kroppssoner og vart difor kalla psykoseksuell teori. Det mentale inneheld tre strukturar: id, ego og superego. Kort forklart er id det ubevisste og instiktive, medan superego er internaliseringa av samfunnet sine normer og reglar. Ego er meir ein meklar som er i kontakt med verkelegdomen slik at ein må tilpassa behova i høve andre. Samstundes la han vekt på at dei første leveåra er av avgjerande betydning for personlegdomen i vaksen alder (Bjerke og Svebak 2003).

Erikson tok menneskjet sitt sosiale miljø som ein bestemmande faktor, og at ein kan utvikla og forandra seg heile livet. Difor vert denne teorien kalla psykososial. Erikson la meir fokus på ego i personlegdomsforskinga. Felles for dei psykodynamiske teoriane er at dei vektlegg behovsdekking for korleis ein kjenner og utviklar seg. Han meiner at ymse kjenneteikn utviklar seg i avgrensa periodar med omgjevnaden som han kallar grunnhaldningar. I faseteorien til Erikson er det åtte fasar som strekk seg gjennom heile livet. I kvar fase har menneskjet behov som spesielt må stettast, altså sensitive periodar som utløyser negative eller positive grunnhaldningar (Bunkholdt 2000). Til dømes vil det i puberteten vera eit fasetypisk behov å byggja ein fast identitet som vil vera ein positiv variant. Ein negativ utgang på denne prosessen vil vera ei identitets- og rolleforvirring. I samfunnet i dag vil det t.d. vera hard konkurranse om utdanningsplassar og arbeid. Difor vil enkelte falla utanfor noko som kan vera eit hinder for identitetsdanning. Ein vil kjenna uvisse om kven ein er i dag, og korleis framtidsutsiktene er. Identiteten vil vera knytt opp mot oppgåver og posisjon i samfunnet. I følgje Imsen (i Bunkholdt 2000 s. 167) er identitet: *En føling av å ha noe konstant og*



*uforanderlig i vårt indre på tvers av ulike situasjoner. Å ha identitet vil si å kjenne seg selv og vite hva en står for. Det er følelse av tilhørighet i forhold til fortid, nåtid og fremtid. Identitet innebærer å ha en trygg og stabil selvoppfattning og vere bevisst sin sosiale forankring.*

#### **4.7 Humanistisk syn på behov**

Det humanistiske synet tek utgangspunkt i individet si subjektive oppleving av verda. Sentralt står menneskjet sitt behov for å realisera og utvikla evnene sine. Menneskjet er grunnleggjande godt og ein legg stor vekt på sjølvvørnaden. To sentrale teoretikarar her er Carl Rogers og Abraham Maslow. Rogers seier at det er individet sjølv som er ekspert på sin eigen livssituasjon og utvikling. Dette positive menneskjesynet ser på individet sine kjensler og tolkingar som ein eigen verdi, avdi menneskjet generelt søkjer større modning og sjølvrealisering. Dersom ein er i tvil om eigen verdi vil dette hindra sjølvrealisering. Tvilen om eigen verdi vil melda seg i ulik grad utifrå korleis ein oppfattar seg sjølv i høve til eit ideal-sjølv (Bjerke og Svebak 2003). Eit svekka sjølvbilete vil m.a. føra til at ein presterer dårlegare enn det ein eigentleg er i stand til. Eit negativt sjølvbilete vil og auka risikoen for utvikling av angst og depresjonar. Maslow har konstruert ein behovspyramide som han meiner er viktig for utviklinga av personlegdomen. Fundamentet er dei fysiologiske behova som mat og tørst. Etter det kjem behovet for tryggleik, så behovet for å tilhøyra ein fellesskap og føla kjærleik. På toppen finn me sjølvrealisering. Modellen inneber i hovudsak at ein må ha fått tilfredstilt behova på eitt nivå før ein kan gå vidare til neste nivå. Etterkvart som den generelle velstanden aukar vil difor samanlikningsnivået og dei ulike behova verta skove oppover i pyramida (Bjerke og Svebak 2003).

#### **4.8 Emosjonar- kjensler**

Emosjonar eller kjensler inneheld tre ulike komponentar. Ein fysiologisk, ein uttrykkskomponent og ein subjektiv komponent. Ein fysiologisk komponent viser seg hensiktsmessig t.d. i møte med farar. Kroppen mobiliserer ekstra krefter viss ein slåss mot eller flyktar frå fysiske trugslar. Det er viktig at kroppen etterkvart som faren går over vender tilbake til normalt aktiveringsnivå. Viss ikkje det skjer og frykta vert varig, kan det få ein skadeleg verknad på kroppen ved t.d. angst- og depresjonssjukdomar (Bunkholdt 2000). Uttrykk for kjensler har vi med oss frå fødselen av. Det finst fleire teoriar om kva kjensler barn er fødde med. Men Campos (i Bunkholdt 2000) seier me er fødde med eit sett av primære kjensler som glede, sinne, frykt og overrasking. I takt med den kognitive utviklinga,

utviklar ein avledda emosjonar som skuld, skam og misunning. T.d. vil skam oppstå når ein forstår at ein har gjort noko som ikkje er i tråd med omgjevnadane sine normer. Ulik kulturell bakgrunn og erfaringar vil etterkvart gjera at ein kjenslemessig reagerer subjektivt i ulike situasjonar (Bunkholdt 2000).

Dette med kjensler vil vera sentralt når eg no går over til å sjå på korleis fattigdom påverkar livskvaliteten til individet.

## **5.0 Korleis påverkar fattigdomen livskvaliteten til dei som vert råka i dag?**

### **5.1 Samanlikning av livskvalitet i høve materiell levestandard i ulike land**

Ei samanlikning av livskvalitet mellom land med høg og låg materiell levestandard tyder på stor ulikskap. Eit anna spørsmål er livskvalitet sett i høve til økonomisk vekst. Det vart stilt spørsmål i ulike land om "lykke" i perioden 1981-1990. I nokre land var det ei auke i livskvaliteten, m.a. i Italia. I Norge var det ikkje noka endring. Dette kan ha med grensenytten å gjera. Det vil seia at i utgangspunktet hadde Italia generelt eit lågare nivå i levekåra samanlikna med Norge. Italianarane vil difor ha størst behov for basale goder. Etterkvart som behova vert stetta vil grensenyttekurva flata ut (Veenhoven 1993 i Næss 2001). Den tredje innfallsvinkelen er å studera inntekt og psykisk velvære i dei same landa. Er dei med høg inntekt lykkelegare enn dei med låg? Svaret er ja, men ulikskapen er større i fattige land, noko som kan tyda på at dei er på eit generelt lågare nivå på Maslow sin behovspyramide. Sidan auken i gjennomsnittleg inntekt i perioden 1981- 1990 i Norge ikkje samsvarar med generell auke i livskvalitet skulle ein kanskje tru at det ikkje er nokon individuell samanheng. Dette stemmer ikkje. Både i Norge og andre vestlege land er det ein positiv samanheng mellom inntekt og livskvalitet. Spesielt finn ein dette på lågare inntektsnivå, men og på høgare nivå er det ein samanheng. Undersøkjingar frå vestlege land viser at det er størst velnøye for dei som har ei inntekt på 51 % til 75 % av landsgjennomsnittet. Livskvaliteten til dei som ligg under avtek betydeleg i takt med inntekta. For dei som ligg over, syner kurva ein liten nedgang i velnøya. Det vert understreka at desse undersøkjingane har metodeproblem avdi livskvalitet er vanskeleg å måle (Diener og Suh 1999 i Næss 2001). Likeeins vil tolkinga mi utelata variablar som kan vera relevante.

## **5.2 Er det behov for materielle goder (det absolutte) eller samanlikninga med andre (det relative) som tel?**

Ein har slege fast at personar med høg inntekt gjennomgåande har høgare livskvalitet enn personar med låg inntekt. Likevel vil det vera interessant å sjå nærare på om det viktigaste for individet er å få stetta basale behov, men også sekunderbehov som bustad med god standard, god mat og variert fritid (absolutte nivå). På den andre sida er det interessant å sjå om individet samanliknar seg med andre og vert nøgd eller misnøgd (relativt nivå). Utifrå dette perspektivet vil t.d. ikkje ei generell levekårsauke isolert sett gjera folk meir nøgde avdi inntektsforholdet folk imellom er det same. Det vert peika på at ein treng nærare og meir presise teoriar om når, om kven og korleis samanlikningane vert gjennomførde. Likevel har ein klare indikasjonar frå ulike forskarhald på at det var det absolutte eller behovs-effekten som gjaldt over tid. På kort sikt førde samanlikningar med andre til at t.d. sjølvvørnaden steig eller vart svekka, men denne avtok over tid. Samanlikningar som er gjort i Russland og Tyskland i perioden 1993 – 1996 (Schyens 2000 i Næss 2001) viser at det var betydeleg større endring i velnøya i Russland enn Tyskland. I Russland låg ein stor del av folket under ei fattigdomsgrense så betra levekår i landet har heva livskvaliteten til folk flest (Næss 2001).

## **5.3 Sosial devaluering**

I undersøkjinga til Underlid kjende om lag tre firedelar av respondentane seg på ein eller annan måte negativt vurderte frå på ein til sju måtar. Halvparten trudde at andre såg på dei som verdilause som fattige. I same gruppa meinte omlag halvparten at andre såg på dei som late og arbeidsskye. Omlag halvparten kjende seg kravstore, ein tredjedel kjende seg mislukka og ein fjerdedel kjende seg dumme og lite dugande. Resultata viser at fleirtalet kjende seg negativt vurderte som fattige på område som gjeld personlegdomstrekk og moralske eigenskapar.

Fire femdelar sa dei i liten grad oppnådde respekt avdi dei ikkje gjorde viktige ting som andre verdsette, samanlikna med kva dei sjølve ønskte. Dette kallar Underlid idealrolledeprivasjon som er ei subjektiv vurdering av sin eigen sosiale vørnadsgrad relatert til økonomi og omgjevnadane. Desse funna fortel at vi menneskja har behov for å gjera noko som gjev merksemd frå omgjevnadane og fortel at me vert verdsette. Dette behovet vil vera individuelt og Underlid kallar dette subjektiv behovsdeprivasjon i høve til sosial vørnadsgrad.

Som sosial kategori er dei fattige kjenneteikna ved fleire identifiserbare trekk som avvik frå normalbefolkninga, t.d. ved at dei må ha offentleg hjelp for å få det til å gå rundt (Underlid 2005).

Dei fleste som var med i undersøkjinga til Underlid hadde ei klår oppfatning av situasjonen sin og sette seg sjølv inn i ein bestemt kategori [Martin, i 30 åra seier: ”.....aksepten for de late, for de fattige, for de ”lass-iske”, for de som snylter på samfunnet – jeg tror det er et hat der”....”] (Underlid 2005 s. 125). Vidare vert det vist til gamle dagar og det negative fattigdomssynet som framleis heng i: [Inger, i 30 åra: ”Altså du gikk ikke på fattigforsorgen før...Det var et nederlag, og det var en skam.”] (Underlid 2005 s. 123). Underlid har fleire døme på at samfunnet kategoriserer og generaliserer denne gruppa menneskje på ein negativ måte, sjølv om ein kan seia at dette er subjektive oppfatningar frå personar som er bitre på samfunnet. Ein kan og seia at dette speglar samfunnet sitt negative syn på det å ikkje vera sjølvhjelpen. Vi konstruerer vårt eige bilete av korleis den fattige er. Det kognitive generelle biletet me har av sosialklienten kan difor vera at dei er late, arbeidsskye, kravstore, mislukka, dumme og udugelege. Dette er kjensler dei fleste av dei som var med i undersøkjinga til Underlid gav uttrykk for. I følgje Goffmann har ein eit stigma avdi ein avvik frå forventingane på ein måte som gjer ein uønska. Sjølv om den fattige vil kjenna seg normal i utgangspunktet vil normene han har teke opp frå samfunnet gjera han merksam på at andre ser veikskapen ved at han ikkje greier å leva opp til forventingane. Dette vil kjennast som eit nederlag og vera skamfullt for den det gjeld. [Lise, i 30 åra seier: ”Det var sånn tapera i bygda.”] (Underlid 2005 s. 123). Denne utsegna viser noko som verkeleg sit i ryggmargen til vedkomande, noko ho har internalisert i relasjon til dei andre i bygda. Dette er dei som har mislukkast og ikkje greier å leva opp til samfunnet sine ideal om det å vera sjølvforsynte. Difor må dei, med hua i handa, søkja samfunnet sitt sikringsnett. Dei som ikkje maktar å bidra til fellesskapen har ikkje hatt noka sterk gruppe til å fronta saka si.

Arbeidarrørsla har først og fremst vore oppteken av å sikra inntekta til ”dei verdig”, dei som kan gjera ”gagns arbeid”. Parolen ”gjør din plikt og krev din rett” står sentralt i arbeidarrørsla. Rune Gerhardsen skildrar dette som eit etisk verdigrunnlag. Han hadde lært av far sin: ”først plikten”. I tider med armod og naud måtte verdiane skapast før dei kunne delast på ein rettviss måte. Gerhardsen var kandidat til vervet som byrådsleiar då han i Dagbladet 13.06.1991 (i Terum 1996) starta debatten om snillisme. Konsekvensane av

snillisme var at det ikkje lenger vart stillt krav til den enkelte. Dette passa Carl I. Hagen godt, som på slutten av 1980- talet nettopp snakka om ”unnaturarar” og ”latsabbar” i samband med trygdemisbruk. Sjølv om Arbeidarpartiet avviste argumenta, var dette eit språk mange i Arbeidarpartiet var kjende med (Terum 1996). Den nye regjeringa la i Soria Moria-erklæringa opp til tiltak mot fattigdom. I samband med denne har arbeids- og integreringsminister Bjarne Håkon Hansen kome med utsagn som ”De får se å komme seg opp om mårran”. Han har seinare sagt at det ikkje er moralistisk å stilla krav til klientane om dei skal få auka ytingar. Tvert om vil det vera mangel på respekt hevdar han. Knut Halvorsen skriv i sin artikkel i Dagbladet (16.01.2006) at spesielt for realiseringa av arbeidslina vil det vera målretta å leggja ansvaret for yrkespassivitet over på potensielle arbeidstakarar. Dei står ikkje hardt nok på for å få arbeid. Denne tenkjinga vert støtta av ein økonomisk retning om at: Viss ein gjev folk for mykje vil dei ikkje arbeida. Sosionom Bjørn Eggen hevdar det same synet i Dagbladet (11.01.06) når han går ut mot dei som kritiserer John Fredriksen for å ha gitt ein tiggjar pengar utanfor Teaterkafeen før jul med kommentaren: ” *Ta deg saman, så vert det kanskje noko av deg til slutt*”. Eggen hevdar at eit positivt menneskjesyn er å sjå vekk frå sosial arv, og ha tru på at menneskja har eit personleg ansvar og ressursar til å meistra eigne liv. Halvorsen stiller seg kritisk og meiner eit positivt menneskjesyn byggjer på tillit til at menneskja tek fornuftige val utifrå livssituasjonen sin. Moralisme høyrer ikkje heime i sosialt arbeid, men vert brukt av dei som set seg sjølv i ein posisjon der dei kjenner seg betre enn andre (Dagbladet 16.01.2005). Eg brukar desse eksempla for å visa at arbeidartipolitikaren og sosionomen gjev uttrykk for ein ovanfrå-og-ned-haldning som vedlikeheld haldningane om denne kategorien menneskje som lite verdige. Fattighjelp vert ytt av dei ikkje-fattige til fattige der det er behovet til dei ikkje-fattige som er styrande (Hvinden 1994).

Undersøkjinga til Underlid viser også at desse haldningane er vanlege i samfunnet. Eit fleirtal kjende seg dårleg handsama på offentlege kontor, særleg på sosialkontora. Respondentane i undersøkjinga til Underlid var medvitne om kvar i den sosiale lagdelinga dei høyrde til. Robert (i 30 åra) seier: [”*Altså jeg mener det at en haug med tjommier der oppe, og så kommer arbeiderne liksom der, og så kommer de trygdede der, og så kommer (de) sosiale og de (med) problemene, de kommer der. Så det er liksom i rangeringen nedover.*”] (Underlid 2005 s. 123). Robert har sjølv teke til seg det rådande synet i samfunnet på fattige som sosial kategori. Altså, dei minst verdsette i samfunnet og som er mellom dei som vert negativt vurderte av andre. Dette er ei negativ kjensle som gjer noko med sjølvvørnaden. I

tillegg til ulike skuldingar og moralisering opplevde respondentane at andre har vore sinte på dei. Andre igjen trakk seg unna, baksnakka og spreidde rykte. Å føla seg lite verdsett påverkar sjølvbiletet. Ein kan her skilja mellom sjølvtilitt og sjølvakseptering. Sjølvtilitt viser til tru på egne evner og andre si tru på desse. Ved låg sjølvtilitt vil redsla for å mislukkast vera dominerande, samstundes som skamkjensla er der. Sjølvakseptering knyter seg til etikk og moral, og mangel på dette vil føra til skuld. Livskvaliteten til ein person vil auka di høgare grad personen er sikker på egne evner, kjensla av å meistra og vera nyttig, og aksepterer seg sjølv i høve egne mål (Næss 2001). Dette er og samanfallande med Erikson sine teoriar som seier at den gode kjensla av meistring og akseptering av andre stimulerer til initiativ, medan å mislukkast fører til skam og skuldkjensle (Bunkholdt 2000).

## **5.4 Sosial marginalisering/eksklusjon**

Sosial eksklusjon er for det første ein relativ dimensjon. Det vil seia at sosial eksklusjon må sjåast i relasjon til andre. Ein kan ikkje seia at ein person er sosialt ekskludert ved kun å sjå på personen sin situasjon åleine (Atkinson i Fløtten 1999). Omgrepet vil for det andre implisere ei handling av den ekskluderte sjølv eller frå andre i samfunnet. Det vil seia at den ekskluderte sjølv ikkje vil vera inkludert, eller at dei andre ikkje vil ha han med i fellesskapen. For det tredje er eksklusjonsomgrepet ein dynamisk dimensjon. Det vil seia at personar ikkje er ekskluderte avdi dei av ulike grunnar er hindra frå å delta i augneblinken, men avdi sjansane for deltaking i framtida også er små. Eit døme kan vera at ein er utestengd frå arbeidsmarknaden på ein måte som gjev lita von om arbeid eller auka innkome i framtida. Samstundes må ein halda omgrepa fattigdom og sosial eksklusjon frå kvarandre avdi ein kan vera fattig, men likevel ikkje vera sosialt ekskludert. Omgrepa vil betegna tilstandar som i ein del tilfelle vil vera samanfallande (Fløtten 1999). Økonomisk marginalisering kan i dag vera ein viktig faktor som hindrar sosial deltaking og fører til sosial marginalisering. Denne marginaliseringa vil ein sjå att i ulike levekårskomponentar som t.d. bustad, arbeid, nettverk og inntekt som igjen vil påverka livskvaliteten.

### **5.4.1 Bustad**

Problem med å skaffa seg bustad som stettar dagens krav kan vera eit uttrykk for kronisk fattigdom. Sosialklientar har ofte vanskar med å skaffa seg buplass. For det første er det ikkje lett å finna eit brukbart husvere til den summen sosialkontoret set som grense. Det andre er at ikkje alle utleigarar likar å leiga ut til sosialklientar. Den låge bustandarden til respondentane i undersøkjinga til Underlid, saman med dårleg økonomi, avgrensa dei i å utfalda seg i sosial interaksjon. Eit døme er Charlotte som skildrar kjøkenet som er for lite til fellesmåltid og

difor ikkje er nokon eigna plass til å hyggja seg [*”Og så kan jeg ta ut skjereffjølen bak, og så kan en sitte der. Da sitter de rygg i rygg, men hva er det for en familieglede, du? Å sitte rygg i rygg og spise”*] (Underlid 2005 s. 118). Mange sa at dei opplevde rigide reglar eller at det kunne vera særlydt. Andre fortalde om mangelen på eigne rom for barna der dei kunne gjera lekser i fred eller leike ilag med vener. Desse faktorane vil i mange høve medverka til at heimen ikkje eignar seg for ulike sosiale aktivitetar. Kva buplass ein har fortel noko om den økonomiske situasjonen ein er i. Difor kan det henda at enkelte vegrar seg for å ta med folk heim avdi det er nedverdige å visa fram bustaden. Fleire var opptekne av fasaden, det vil seia korleis dei kunne presentera seg i høve til t.d. bustad og klede. [*Fasaden, den ser du med det samme, men om et menneske har mange kvaliteter, så må du bli kjent med det. Og det gjør vel da at det skal mye til for å få uttelling for de tingene, og derfor er det mye lettere å få beundring da, i andres øyne, ved å ha en fjong fasade: Enten det gjelder klær, eller hus, eller bil, eller hva som helst...*] (Underlid 2005 s. 125).

#### **5.4.2 Arbeid**

Arbeid er ei kjelde til inntekt, og vil ha eigenverdi i form av arbeidsfelleskap og sjølvbilete. Langtidsledigdom er ein vanleg veg inn i fattigdomen og kan råka dei fleste av oss. Årsaker kan vera traumatiske barndomsopplevingar eller diffuse sjukdomar som uføretrygda ikkje dekkjer. Fleire skandinaviske studiar på 1990-talet syner at arbeidslause har dårlegare psykisk helse og dårlegare psykisk velvære enn yrkesaktive. Samstundes er konklusjonen ein annan i ei norsk undersøkjing i perioden 1991-1992. Knut Halvorsen såg her på effekten av psykisk velvære i samband med tilbakføring av langtidsledige til arbeid. Konklusjonen på studiet er at psykisk helse ikkje var relatert til det å mangla arbeid i seg sjølv, men er ei opphoping av problem knytta til t.d. dårleg økonomi eller samlivsbrot. Den stressa kvardagen gjer at det er lettare å falla utanfor yrkeslivet (Halvorsen 1998 i Næss 2001 s. 102). Eller som tidlegare fagarbeidar Tor (i 60 åra) som hadde ein stabil yrkeskarriere i 37 år, men vart utestengd på arbeidsmarknaden avdi bedrifta innførte ny teknologi. [*”...den siste arbeidsplassen ble totalt nedlagt....Ny teknologi, og alt skulle gå så mykje hurtigere, men det er ikkje gull alt som glimrer”*] (Underlid 2005 s. 64). Tor var så gamal at det var vanskeleg å fylgja med i den teknologiske utviklinga. Dei første åra etter at han mista arbeidet hadde han arbeidsløysetrygd, men gjekk seinare over på sosialstønad. Han bur heima hjå mor si slik at økonomien er nokså stabil. Dagleglivet er relativt passivt, men han verdset hobbyen sin som gjev han kontakt med andre. Saman med dei får han den gode kjensla av meistring som gjer at livet får meining. Tor taklar situasjonen sin på ein relativ god måte. Han er vaksen opp

under einkle kår etter den andre verdenskrigen og er merka av det i livstil og veremåte. Verre kan det kanskje vera for dei med bakgrunn frå borgarskapen å akseptera ein slik livssituasjon (Underlid 2005).

### 5.4.3 Nettverk og familie

Varige sosiale relasjonar til familie og vener kan reknast som ein av mange indikatorar på sosial tilpassing, og er av stor betydning for den enkelte sitt velvære. Mangel på sosial støtte og nettverk er ein grunn til psykiske helseproblem som igjen fører til redusert livskvalitet. I vår kultur er ekteskap og familie framleis viktige sosiale institusjonar. Familien gjev støtte og gjev individet generell tryggleik. Som nettverk er familien meir varig enn andre som vener, kollegaer og foreldre. Ein partner eller ektefelle bidreg til å tilfredstilla emosjonelle og økonomiske behov. Dessutan er det å ikkje vera gift eit brot med det vanlege mønsteret og dei einslege vert difor ikkje inkluderte på same måte i ulike sosiale grupper (Næss 2001).

Fattigdomen er passiviserande og fråtek personar høve til å oppsøkja kontekstar som kan vera ein arena for kontakt med det andre kjønn. Fridomen til å opptre på ein måte som omgjevnadane ser på som akseptabel er vanskeleg å leva opp til. Steinar (i 30 åra) seier han er hindra frå å driva friluftaktivitetar som skikøyring og fjellklatring p.g.a økonomien. Han seier at han heller ikkje går på restaurant avdi det kostar pengar, men og avdi: [*”Jo, å gå på restaurant er noe jeg ikke gjør, fordi det koster penger, og jeg føler jeg ikke har noe å gjøre der – i min klasse, kan du si. Andre ser ned på deg, fordi du ikke er brukbart kledt og....*】 (Underlid 2005 s. 111). For den ugifte mannen vil dette vera til hinder for etablering av kontakt med det motsette kjønn. [*”Det som virker veldig negativt inn på følelseslivet, er jo at en ikke får kontakt med kvinner. Det er en sårhet. En føler at en ikke har råd, en har ikke noe å vise til. En har ikke jobb, intet å vise til. Og da kan en ikke få kontakt.”*】 (Underlid 2005 s.111).

For denne unge mannen går den økonomiske knappleiken utover høva til sosial deltaking. Han vil vera hemma i høve til å skaffa og oppretthalda eit nettverk. Steinar har eit medvite syn på situasjonen sin. Det vil difor røra ved sjølvbiletet ved at han samanliknar seg med andre og gjev seg sjølv ei låg sosial kategorisering. Samstundes vil denne gruppa menneskje oftare koma i situasjonar der dei vert avviste eller vert nedvurderte. Dei bryt oftare normer t.d. gjennom ikkje å vera godt nok kledde. Dette vil forsterka det dårlege sjølvbiletet, samstundes som dei vert merksame på den sosiale posisjonen sin (Underlid 2005). Dette



reduserer og dei fattige sitt høve til å etablere familie. Det vil seia at dei er fråtekne ein viktig faktor for livskvalitet. Den sosiale tilknytninga er eit av menneskja sine viktigaste kjenneteikn. Kjensla av å elska og å bli elska er viktig for god livskvalitet. Behovet for kjærleik er grunnleggjande i Maslow sin behovspyramide og må stettast før behovet for sjølvrealisering. Sagn av kjærleik og kontakt med andre vil kjennast som einsemd. Siri Næss definerer sosiale relasjonar slik: ” *En person har høyere livskvalitet i jo høyere grad personen har gode interpersonlige forhold; har et nært, varmt og gjensidig forhold til minst ett annet menneske*” (Næss 2001 s. 73).

#### **5.4.4 Inntekt - Materiell velferd**

Vi har høyrte at pengar er skitne eller bibelsitatet: ”samle eder ikke skatter på jorden, der møll og rust fortærer.” Andre verdier er meir verdige som t.d. god helse, familie og vener. Desse verdiane er og mål på god velferd. Likevel er ofte desse verdiane avhengige av inntekt og økonomi for den individuelle velferda. I Norge og andre vestlege land er det ein positiv samanheng mellom inntekt og livskvalitet på det individuelle plan. Trenden viser at samfunnet vårt går frå å vera meir materialistisk til mindre idealistisk (Hellevik 1996 i Næss 2001). Me er ein del av eit individualistisk samfunn der idealet er at den enkelte skal ta vare på seg sjølv og realisere egne mål i motsetnad til i eit kollektivt samfunn. I eit individualistisk samfunn kan ein kjenna mindre kontroll og sosialt press, samstundes som den kollektive støtta er meir fråverande.

Dei fattige som ikkje greier å leva opp til normene vil kontinuerleg bli minna på ideala gjennom t.d. TV, reklame og andre sin velstand (Næss 2001). Det knappe økonomiske handlingsrommet fører til autonomisvekking. Martin( i 30 åra) snakkar om ei hårfin grense:[ ”*Det blir sånn krise hvis skoene blir utslitt*”] (Underlid 2005 s.109). Denne kommentaren seier noko om ein person med innskrenka handlingsrom. Utan ein viss standard på sko og klede vil det vera grenser for kva lag og kontekstar ein kan oppsøkje. Respondentane gjev uttrykk for denne kjensla som ei oppleving av å vera ”låst” eller ”bunden på hender og føter” (Underlid 2005 s.110). I den politiske debatten høyrer ein ofte at valfridom er ein viktig verdi. På viktige område som helse og skule skal ein ha høve til å velge tilbod. I velferdsundersøkinga (Listhaug o.a.1990 i Næss 2001 s. 31) vart personar spurde om kva dei ville valt av fridom og likskap. Med fridom meiner ein å leva i fridom og utvikla seg utan hinder. Medan likskap betyr at ikkje nokon skal ha det dårlegare enn andre, det vil seia små klasseskilnader. I det norske utvalet svarde 65 % at fridom var viktigast,

medan 30 % meinte likskap var viktigast (Næss 2001). Mi tolking av desse funna er at Norge er eit rikt land der dei fleste opplever tryggleik i høve til materielle goder. Tanken om at knappleikstyranniet kan råka deg sjølv eller andre nære kan difor vera fjern. Ideala om likskap og solidaritet kan difor vera i ferd med å bli svekka til fordel for personleg lykke. Eller er det slik at fattigdomen er så godt løynd at folk flest ikkje ser eller reflekterer over den?

Dei aller fleste, uavhengig av inntektsnivå, er nøydde til å gjera prioriteringar. For at Martin skal få seg nye sko vil det tvinga seg fram prioriteringar på eit lågt nivå. Spinking og sparing samstundes som ein må velgja vekk andre viktige goder. Eit døme er Mette (i 30 åra) som må snu på krona [*"Du må jo gå en time og se på tilbud. For eksempel tre bokser leverpostei til tikroner og tre bokser makrell til ti kroner og slikt"*] (Underlid 2005 s. 110). For dei som har barn vil dette kjennast ekstra bittert avdi dei har barna sine behov i tankane. Marit (i 30 åra) seier: [*"Det er veldig sårt, for hun(dottera) må gå hjemme i gaten i hele sommerferiene....Ja, da var det ikke en unge igjen i gaten her altså....Det store målet er jo å få reist til Syden, for der har jo nesten alle klassekameratene vert."*] (Underlid 2005 s.111). For andre foreldre kan det vera sårt å ikkje kunna gje materielle goder eller at økonomien set ein stoppar for fritidsaktivitetar. Sjølvørnaden til foreldra vil i slike situasjonar verkeleg bli utfordra då dei veit at dette hindrar barna frå deltaking i det sosiale liv. Desse kjenslene kan bli forsterka både for vaksne og barn i møte med overflod og meir heldigstilte personar.

#### **5.4.5 Barnefattigdom**

Det er viktig for barna si sosialisering å skaffa seg og oppretthalda sosiale nettverk. Det er i samspel med andre barn dei utviklar og tilpassar seg den verkelege verda. Samstundes veit ein at fritidsaktivitetar kan vera ei kjelde til meistring som igjen vil skapa eit positivt sjølvbilete. Det å vera hindra frå å delta kan vera stigmatiserande for barnet og kan forsterka seg gjennom mobbing frå dei andre. Følgjene av dei kognitive forventingane ein har til seg sjølv når ein lukkast gjer at ein får tru på framtida og set seg mål (Bunkholdt og Sandbæk 1998).

Det er avgjerande korleis foreldra handterer fattigdomen og i kva grad dei greier å skjerma barna frå skamma og stigmatiseringa. Dette vil vera vanskelegare viss fattigdomen er vedvarande. Barn har ikkje noko høve til å påverka sin eigen levestandard og er difor

prisgjevne foreldra sine levekår. Forskingsstudiar tyder på at det å veksa opp i fattigdom kan få konsekvensar for barnas utvikling. Internasjonal barneforskning viser og at fattigdomen går i arv (Duncan m.fl. 1998 i Fløtten 1999). Vidare er det ein klar samanheng mellom spedbarnsdød og fattigdom (Cornia 1997 i Fløtten 1999). Barn av fattige vert påverka av t.d. stress og dårlege butilhøve som igjen kan ha konsekvensar for helsa. Barn av fattige stiller og generelt svakare i utdanningssystemet, avdi det er ein samanheng mellom korleis foreldra har lukkast på arbeidsmarknaden og i utdanningssystemet. Det ser elles ut til at dei negative konsekvensane av å veksa opp i fattigdom er verre til tidligare i barndomen ein opplever fattigdomen.inntekt i tidlege barneår har større innverknad på skuleprestasjonar enn seinare i ungdomsåra (Duncan 1991 i Fløtten 1999). Dette er amerikanske studiar som ikkje utan vidare kan overførast til norske tilhøve, men kan likevel vera verde og nemna. I ein vanskeleg økonomisk situasjon med mykje frustrasjon og stress kan det vera vanskeleg å gje god omsorg til barna. Fokuset på å få endane til å møtast fråtek foreldra evna til å leva seg inn i og sjå barna sine behov.

## 5.5 Skam

Underlid viser til noko som kallast livsstilsdeprivasjon. Det vil t.d. seia å ikkje ha råd til å delta i aktivitetar som gjev vørndnad. Dette kan også gjelda barn. Det at ein ikkje kan gje til barna det som elles er vanleg i nærmiljøet, verkar inn på foreldrerolla. Til dømes [Marit, i 40 åra: *"Jeg tror det er to i klassen; det er vel hun min(dottera) og så er det en til som ikke har data....For de får jo oppgaver i for eksempel natur og miljø, som de skal slå opp på data...Ja, på internett, og dette har jo ikke jeg. Jeg har ikke leksikon en gang....Hun blir jo senka lite granne etter de andre."/>*] (Underlid 2005 s.125). Dette vil truleg kjennast skamfullt både for Marit og dottera. Ivar Frønes seier at skamma må sjåast gjennom sosiale relasjonar. Skamma har to komponentar: ein kulturell som viser til brot på normer i ulike kontekstar og ein kjenslemessig. Skamma må difor forståast gjennom andre eller korleis ein trur andre trur om ein. Det motsette av skam er ære. I eit moderne samfunn i endring vil moderne skam og ære vera knytt til relasjonar, identitet og posisjon. Tidlegare såg ein skam meir i høve til familie, slekt og tradisjonar (Frønes 2001). Goffmann er også oppteken av relasjonen mellom individet og samfunnet. For Marit sin del vil det å mangla data vera eit brot med det som er vanleg i nærmiljøet. Ho vil uansett kva dei andre måtte seia kjenna skamma avdi Marit sjølv veit kva som er vanleg. Ho vil heile tida bli minna på dette og vil kjenna veikskapen (Goffmann 1975).

Media har i den seinare tida sett fokus på folk som slit med dårleg økonomi og korleis dette påverkar livssituasjonen deira. Mange lever heilt klart i fattigdom, og manglar grunnleggjande levekårskomponentar som arbeid, buplass og økonomiske midlar til det mest naudsynte. Hjå andre er fattigdomen meir skjult. Dei opplever ein hard kvardag for å få endane til å møtast (Stjernø 1985), i tillegg til å halda fattigdomen løynd. I Dagbladet (26.10.2005) skriv dei om åleinemora som har jobba 16-timars dagar kontinuerleg i fire år. Den økonomiske nauda gjorde at ho skaffa seg to jobbar som reinhaldar. Ho fekk store problem med å stilla opp for sønene sine på sju og seksten år. Dette saman med konstant otte for økonomien gjorde at ho til slutt kjende seg fullstendig nedbroten. Hjå legen fekk ho diagnosa: problem økonomi/fattigdom, depresjon. Svart på kvitt fekk ho ein diagnose som ho kjende som svært nedverdiggande avdi det var så skamfullt å hamna i kategorien fattig. Dette dømet seier noko om kor langt individet er viljug til å gå i høve det å vera sjølvhjelpen og å halda problema løynde. Det handlar også om det Sjernø (1985) kallar ”knapphetens tyranni”. For denne åleinemora vil det seia avhengigskap, audmjuking, maktesløyse, undertrykkjing og stigmatisering (Underlid 2005). Det at nyfattigdomen er individualisert og privatisert fører til at folk føler større skam. Dei prøver å kamuflera fattigdomen, og førestillingane om kva andre tenkjer gjer at dei kvier seg for å oppsøkja sosialkontoret. Opplevinga av skam og det å ikkje strekkja til kan difor vera til hinder for å søkja hjelp. Måten sosialarbeidaren møter desse menneskja på vil vera viktig for at skamkjensla ikkje skal bli forsterka. (Solheim 2006).

## **6.0 Avslutning**

Eg har i denne oppgåva teke føre meg korleis fattigdom påverkar livskvaliteten til dei som vert råka. Ifølgje Næss er livskvalitet å ha det godt, men livskvaliteten vert forringa i mangel på t.d. materielle goder. Dette ser ein får konsekvensar for individet sine sosiale relasjonar, noko som igjen vil påverka det psykiske velværet. Individet vil oppleve sosial devaluering, sosial eksklusjon og marginalisering i høve levekårskomponentar som t.d. arbeid, bustad og inntekt. Kjensler som ufridom, utryggleik og skam vil vera framtreddande og vil påverka sjølvvørnaden. Målet med å fordjupa meg i dette temaet er å tileigna meg kunnskap og reflektera rundt ei utsett gruppe i samfunnet. Sjølv om dei fattige kan sjåast som ei gruppe med fellestrekk er kvar av dei ulike individ med ulike opplevingar og behov. Dette må sosialarbeidaren vera seg bevisst. Å kunna møte klienten på ein empatisk måte vil vera naudsynt. Klientane er mest opptekne av korleis dei vert møtt (Solheim 2005). Ved å bruka

døme frå personar sine røymsler i boka til Underlid samstundes som eg nyttar avisartiklar prøver eg å skapa ein nærleik til individet. Avisartiklar er og med på å understreka aktualiteten. For sosialarbeidaren er det viktig å vera samfunnsbevisst for å kunna vera samfunnsnyttig. Det å spreia informasjon og gode haldningar i samfunnet og at sosialarbeidaren er i stand til å møte klienten med forståing og respekt, kan vera med på å seinka terskelen for å søkja hjelp. Ein må leggja seg på minnet at fattigdom kan råka dei fleste.

Fattigdom rører ved både fysiske, psykologisk, sosiale og kulturelle behov. Ein kan kanskje seia at folk er fattige om dei manglar økonomiske og materielle ressursar som fører til at menneskjet har det vondt. Tærum (1998) skil mellom fordelingsorienterte og relasjonelle perspektiv. I Norge identifiserer vi fattigdom relativt utifrå ei medianinntekt, altså fordelingsorientert perspektiv. Underlid seier at fattigdom må forståast i relasjon til ikkje-fattige og fattigdom vert slik ein sosial konstruksjon. I boka til Næss ser ein at det er ein klår samanheng mellom inntekt og livskvalitet, men at det viktigaste var å få stetta vanlege behov. Samanlikningar med andre hadde berre ein kortsiktig effekt på sjølvvørnaden. Samanlikningar mellom land viser at til lågare generell levestandard i eit land til større grensenytte vil ein ha i høve til livskvalitet ved økonomisk vekst. Underlid peikar på at fattigdomsomgrepet ikkje må få leva sitt eige liv, men fenomenet må sjåast i samanheng med historia og notida. Det kan alltid vera dei som hevdar dei er fattige avdi dei manglar det andre oppfattar som statussymbol. Fattigdom er ikkje berre eit spørsmål om å overleva fysisk, men også sosialt. Den nye fattigdomen er lettare å skjula. Likevel rører den ved den subjektive fattigdomskjensla. Dei kjenner at dei saknar gode på ein tydelegare måte enn dei det er rimeleg å samanlikna seg med (Underlid 2005). Kompleksiteten i dette sosiale problemet gjer at det er vanskeleg å koma fram til eit konkret omgrep som kan vera til hjelp i utforminga av den praktiske politikken. Underlid sitt bidrag er verdifullt avdi han får fram korleis fattigdomen opplevast for individet. Dette gjev nærleik til problemet. Statsminister Oddvar Nordli som i 1979 hevda at fattigdomen var utrydda slo i bordet i 2001 og sa at det var skammeleg at 70 000 barn levde i fattigdom (Barstad og Hellevik 2004 s. 51). Det kan sjå ut som om Nordli sitt syn på kva fattigdom er har endra seg. Som sosialarbeidar skal ein visa solidaritet med svake grupper i samfunnet. Det vil difor vera ei oppgåve for sosialarbeidaren å påverka politikarar og andre der yrkesetiske retningslinjer er ei rettesnor. Dei yrkesetiske retningslinjene byggjer på humanistiske og demokratiske verdiar for å fremja likeverd og respekt.

## Litteraturliste:

Aadland, E. (2002): *Etikk for helse og sosialarbeidarar*. Oslo, Det Norske Samlaget

Andenes, K., Moelven, O., Rassmussen, Ø., Sandberg, K. og Warberg, L. (2003): *Sosialrett*. 6. utgåve Oslo, Universitetsforlaget.

Barstad, A. og Hellevik, O. (2004): *På vei mot det gode samfunn? Om forholdet mellom ønsket og faktisk samfunnsutvikling*. Oslo/Kongsvinger, Statistisk sentralbyrå.

Bjerke, T. og Svæbak, S. (2003): *Psykologi for høyskolen*. Oslo. Gyldendal Akademisk.

Bunkholdt, V. (2000): *Utviklingspsykologi*. Oslo. Universitetsforlaget.

Bunkholdt, V. og Sandbæk, M. (1998): *Praktisk barnevernsarbeid*. Oslo. Universitetsforlaget.

Dagbladet (2006): 11.01

Dagbladet (2006): 16.01

Dagbladet (2005): 26.10

Fløtten, T. (1999): *Sosial ulikhet. Fattigdom i Norge*. Oslo. FAFO Rapport 303

Frønes, I. (2001): *Skam, skyld og ære i det moderne*. I Wyller, T. (red): *Skam. Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*. Fagbokforlaget.

Goffman, E. (1975): *Stigma. Om avvikerens sociale identitet*. København. Gyldendals samfundsbibliotek.

Holme, I og Solvang, B. (1996): *Metodeval og metodebruk*. Otta. Engers boktrykkeri AS.

Jakobsen, D. I. (2000): *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Kristiansand. Høyskoleforlaget.

Halvorsen, K. (2001): *Sosiale problemer: En sosiologisk innføring*. Bergen, Fagbokforlaget.

Hvinden, B. (1994): *Tvetydighetens sosiologi. Fattigdom og sosial integrasjon i et Simmelsk perspektiv*. Sosiologisk tidsskrift. 2; 109 – 126.

Næss, S. (2001): *Livskvalitet som psykisk velvære*. Oslo. NOVA Rapport 3/2001

Schifloe, P. M. (2003): *Mennesker og samfunn. Innføring i sosial forståelse*. Bergen. Fagbokforlaget.

Skardhamer, T (2002): *Levekår og Livssituasjon blandt innsatte i norske fengsle*. Oslo, Institutt for kriminologi og rettsosiologi, Universitetet i Oslo.

Solheim I. J. (2005): *Klientar si oppleving av kontakten med sosialarbeidarar på sosialkontor*. Sogndal. HSF- rapport nr. 4/2005

Stjernø, S. (1985): *Den moderne fattigdomen*. Oslo. Universitetsforlaget.

Terum, L. I. (1996): *Grenser for sosialpolitisk modernisering. Om fattighjelp i velferdsstaten*. Oslo. Universitetsforlaget.

Terum, L. I. (1998): *Perspektiv på fattigdom*. Frå: Tidsskrift for velferdesforskning, vol 1, nr. 2/1998.

Underlid, K. (2005): *Fattigdommens psykologi. Oppleving av fattigdom i det moderne Norge*. Oslo. Det Norske Samlaget.

Underlid, K. (1992): *Arbeidslaus*. Oslo. Det Norske Samlaget.

**Internettsider:**

<http://www.ssb.no/emner/05/01/inntind/main.html>

**Stortingsmeldinger:**

St.meld. nr. 50 (1998-99) Utjanningsmeldinga